



Mads Harald Mikkelsen Hundvin  
Nordåsgrenda 116  
5235 RÅDAL

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/3168 - 19/35658

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
knut.bjornevoll@lindas.kommune.no

Dato:  
03.12.2019

## Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 56/41 Hundvin

Tiltak: legging/tilkopling av vatn og avløp  
Byggjestad: Gbnr: 56/41  
Tiltakshavar: Mads Harald Mikkelsen Hundvin  
Ansvarleg søkjar: Mads Harald Mikkelsen Hundvin

Kommunen stadfestar å ha motteke søknaden din den 21.11.2019.

### Mottakskontroll

Situasjonsplan, nabovarsling og dokumentasjon på utsleppsløyve er OK.

Men du har sendt inn feil type søknad (Søknad om løyve utan ansvarsrett).  
Denne typen arbeid kjem inn under søknad med ansvarsrett, og må sendast inn av eit føretak som er kvalifisert for ansvarsrett, f. eks. eit røyrleggarfirma.

### Ny søknad

Kommunen ber om at *søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett* vert sendt inn **innan 20. januar 2020**.  
Dei søknadane som kjem inn no framover i desember, kan bli liggande til over nyttår før vi får sett på dei.  
Frå 20. desember og ut året vert det ikkje registrert post eller behandla søknadar grunna overgangen til Alver kommune.

Dersom nye dokument ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Mads Harald Mikkelsen Hundvin      Nordåsgrenda 116 5235      RÅDAL

**Mottakarar:**

Mads Harald Mikkelsen Hundvin      Nordåsgrenda 116 5235      RÅDAL